

Nordvest



Foto: Johan Behrentz

Tidsskifte på Solhøgda

«Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen» skriv den vise kong Salomo. For Kari og Arne-Johan Gagnat er eit tidsskifte på gong. Etter heile 46 år som krumtappar på Solhøgda leirstad i Ålvundfjord held ordet «pensjonist» på å bli ein realitet for ekteparet.

Les meir side 45



Foto: Privat

FRA EMBLEM TIL ELFENBENSKYSTEN

I starten av november reiste ekteparet Møgster til Elfenbenskysten for å bli utsendinger for Misjonssambandet
SIDE 43



MISJONSSAMBANDET NORDVEST
Myrabakken Næringssenter
Spjelkavikvn 132
6010 Ålesund

E-POST: nordvest@nlm.no

REGIONLEIAR OG ANSVARLEG REDAKTØR:
Steffen Stensland

ADMINISTRASJONSLEIAR:
Anne-Marit Engås

UNGLEIAR: Ole Petter Stenberg



Kommentar:
Ole Petter Stenberg
Ung-leder, Misjonssambandet nordvest

Barnelag – en misjonsmark

Det er mange tanker som tikker inn i hodet når ordet misjon blir brukt. Barnelag kan være ett av dem. Det er en unik mulighet til å nå barn og unge med Jesus/evangeliet/budskapet!

MINNER SKAPES

Her kommer kanskje barn fra hjem der Jesus ikke har en sentral plass. De kommer til en plass der ledere har satt av tid til å ta imot nettopp disse. Tid til å la Gud bruke dem slik han vil! En arena der tro, felleskap og aktiviteter går hånd i hånd. Jeg husker selv som ung gutt hvor kjekt det å gå på barneforening var. Gå opp den veldig bratte trappa til galleriet på Kårvåg bedehus. Jeg husker spesielt ei mor som kom med gutten sin som ikke kunne gå eller hadde språk. Hun bar han opp de 11-12 trinnene hver gang i mange år for at han skulle få høre om Jesus. Der satt vi og hadde aktiviteter, hørte på spennende historier fra Bibelen, og vi hadde utlodning. Selv om dette er mellom 25 og 30 år siden sitter minnene klart og tydelig fortsatt.

FELLESKAP OG TRO

I vår region har vi mange barnelag, og ett av disse er fredagsklubben på Stranda som har tilholdssted på Dalen bedehus annenhver fredag. Hit kommer mellom 20 og 25 barn i fra 5. til 10. klasse. Noen av barna kommer fra et kristent hjem, men de fleste gjør ikke det.

De begynner med lek og aktiviteter, der noe er styrt av

voksne, mens noe er frilek. Etter hvert går man over til måltid der de får servert mat, og måltidet avsluttes med en andakt. Her får barn kanskje sin første erfaring med hva et kristent fellesskap er. De får en arena og ei erfaring med å se og oppleve fellesskap og tro som går hånd i hånd.



Her får barn kanskje sin første erfaring med hva et kristent fellesskap er.

TUSEN TAKK

Så til alle ledere/frivillige i barnelag der ute: Tusen takk, og takk for at dere er villige til å bruke av deres tid til å la blant annet barn som ikke har hørt om Jesus før, få en anledning til nettopp dette.

De barna er veldig heldige. Tenk bare hvor heldige de er når de synger sanger sammen, som for eksempel denne som jeg vil avslutte med:

Kjære Gud jeg har det godt. Takk for alt som jeg har fått. Du er god, du holder av meg. Kjære Gud gå aldri fra meg. Pass på liten og på stor. Gud bevare far og mor og alle barn på jord.



Nytt navn på Nordmøre

1. november startet **Tormod Jordet** opp i en 50% stilling som pastor i Misjonssalen Kristiansund og områdearbeider på Nordmøre.

Tormod er 28 år og kommer fra Ål i Hallingdal, men bor nå i Kristiansund sammen med kona sin Henny. I tillegg til jobben som pastor og områdearbeider studerer han deltid for å bli helsesykepleier.

Ta vel imot Tormod og vær med å be om en meningsfull og givende tjeneste.

Mitt bibelord

Eg vil læra deg og visa deg den vegen du skal vandre, eg skal la auga mitt kvila på deg og gi deg råd med mitt auge.

SALME 32,8

Dette verset har fått bety masse for meg sidan eg fikk det på eit brev frå mora mi da eg var 16 år. Han gir meg ikkje eit overfladisk blikk, men Guds auge kviler på meg. Det var noko eg ville ta med meg vidare i livet, det var noko eg ville bygge livet på. At Gud skulle få være med i kvardagen, at Gud skal få vise vei, at eg skulle få ta med Gud på dei veivalga som er gjort i livet.

ANDERS EGIL STRAUME



Fra Emblem til Elfenbenskysten

Fra 2003–2011 bodde, arbeidet og oppdro de sine fire barn i Douentza i Mali. De var da utsendinger for Frikirken. Nå reiser de til Elfenbenskysten for Misjonssambandet.

TEKST: INGEBORG ROTH

Emblem ligger ca 20 km fra Ålesund sentrum. Katie og Kjell Magne Møgster bor i huset der Kjell Magne vokste opp. Der har de bodd siden de kom til Norge fra Mali i 2011.

Katie vokste opp i Seattle i USA og Kjell Magne på Emblem. Katie har undervist på en videregående skole her i Ålesund, og Kjell Magne er psykiatrisk sykepleier.

FAMILIEN

– Jeg har hørt Katie fortelle at dere traff hverandre i Japan. Fortell hvordan dere ble kjent.

– Vi gikk begge på bibelskole på Hawaii for Ungdom i Oppdrag. Der var vi periodevis på skolen og periodevis utplassert i ulike land. Vi var utplassert i Japan, og der fikk vi god kontakt, forteller Katie.

– Hvor gamle er de fire barna deres, og hva gjør de?

– Dette året går en på bibelskole, de andre arbeider og studerer. De er mellom 19 og 28 år. En er nygift og en forlovet. Noen blir boende i huset vårt på Emblem.

TILBAKE TIL VEST-AFRIKA

– Hva gjorde du i Mali, Kjell Magne?

– Tittelen var evangelist, men det var mye praktisk arbeid som å organisere leting etter vann og lage latriner, forteller han, og legger til at han både fikk bruke helseutdannelsen sin og tale i kirken.

– I Elfenbenskysten eier Misjonssambandet stor bygningsmasse, så jeg regner med en del vedlikeholdsarbeid, en del helsearbeid og team-samarbeid med de andre utsendingene som bor der. Gjennom diakonalt arbeid vil vi hjelpe foreldre til å ta vare på barna sine. Vi vil arbeide med det som påvirker barn positivt, slik at foreldre kan se barna som ressurs og ikke belastning, sier han.

Katie forteller at hun var aktiv i kvinne og barnearbeid i Mali. Hun var aktiv i søndagsskolen og skrev manus til barnefilm. Hun ønsker å være med i søndagsskolearbeidet også i Elfenbenskysten. – Hovedoppgaven blir et alfabetiseringsprosjekt. Mange kan ikke lese og skrive på sitt eget språk, fortel-



Kjell Magne og Katie Møgster.

Foto: Privat

Vi vil arbeide med det som påvirker barn positivt, slik at foreldre kan se barna som ressurs og ikke belastning.

KJELL MAGNE MØGSTER

ler hun. Hun skal være som en koordinator som legger til rette med myndigheter, landsbysjefen, Wycliffe og lokale lærere, slik at de som snakker Mahou kan få hjelp til å lese og skrive sitt eget morsmål.

– Hvorfor Elfenbenskysten?

– Vi så annonsen der Misjonssambandet søkte etter utsendinger til Elfenbenskysten. Vi fikk lyst til å søke, og barna våre er voksne. Teologisk er Frikirken og Misjonssambandet på linje. Og det er mye likt i Elfenbenskysten som i Mali; Fattigdom, Islam og Animisme.

Vi ønsker å være med å forkynne evangeliet. Fransk er det administrative språket i begge disse landene, og det behersker vi. Men vi kan ikke det lokale språket der vi skal bo, som er Mahou, forteller de.

GUD ER MED

– Hva gleder dere dere til?

– Det blir kjekt å treffe den pastoren og evangelisten vi skal støtte og oppmuntre. I tillegg ser vi frem til å oppleve den daglige gleden blant afrikanere, og å være en del av et godt team. Fra før er det er det to familier fra Misjonssambandet i området vi skal bo; fire voksne og to barn.

– Hva slags misjonsarbeid har Misjonssambandet i Elfenbenskysten?

– Mediearbeid, hvor radioen har vært viktig, men hvor også smarttelefonen tatt litt over. Det drives også litteraturarbeid, diakonalt arbeid, leir og kurs, evangelisering og relasjonsbyggende arbeid.

Katie og Kjell Magne avslutter praten med sitt reisevers fra Josva 1:9; «Vær modig og sterk! La deg ikke skremme, og mist ikke motet! For Herren din Gud er med deg overalt hvor du går.»

Maria og Petter.
Foto: Martha Myklebust



Felleskap for de minste

Annenhver torsdag er det liv i Misjonssalen i Ålesund. Da kan du plutselig treffe et tog med trommende barn i alderen 0–6 år som går syngene rundt i gangen. Da har du kommet til MiniMix.

TEKST: SOLVEIG BAKKE

Maria og Petter Halsne bor i Ålesund sammen med datteren Ada på 5 år. I november venter de også et nytt tilskudd inn i familien. De er med som ledere på MiniMix. Vi har tatt en prat med dem for å høre hvorfor de holder på med dette.

EN ARENA FOR Å BLI KJENT

– Hvordan hørte dere om MiniMix?

– Vi hørte om MiniMix under møtene i Misjonssalen. Vi begynte her da vi flyttet til Ålesund etter flere år i Oslo. Maria har vokst opp i Misjonssalen, og visste om tilbudet fra tidligere. Med en da 3-åring i hus var det naturlig å ta turen for å aktivisere henne, og samtidig bli bedre kjent med andre småbarnsforeldre i menigheten.

– Hvorfor valgte dere å gå fra deltagere til ledere?

– Vi ble utfordret til det, og startet først med å hjelpe til med å lage aktiviteter. Etterhvert begynte vi å hjelpe til med andakt. Det var lett å si ja da tilbudet er lavterskel, og ikke krever lang forberedelse i en travel hverdag.

– Hva tror dere MiniMix er med på å gjøre, hvorfor ha MiniMix?

– MiniMix er et tilbud for barn under skolealder, og det er en gruppe det ofte ikke er så mange tilbud for. Vi tenker at MiniMix er viktig for de minste barna, og foreldrene deres. Vi vil at de skal ha en arena for å bli kjent med hverandre. Barna får muligheten til å gradvis bli kjent med andre barn i menigheten, og også selve lokalene til menigheten, uten at det er helt fullt av folk, slik det er på søndager. På denne måten blir menigheten et enda tryggere sted for familiene, der de lettere kan føle seg hjemme.

LAVTERSKELE-TILBUD

På MiniMix er det først en kort samling med mye fokus på sang, lek og felleskap. Det er



Barna får muligheten til å gradvis bli kjent med andre barn i menigheten, og også selve lokalene, uten at det er helt fullt av folk.

MARIA OG PETTER HALSNE

også en kort andakt tilpasset alderen. Etterpå arrangeres det hinderløype og aktiviteter, slik at barna får beveget seg. Det avsluttes alltid med kveldsmat. Det at et lavterskeltilbud og det skal være enkelt å invitere med seg nye som ikke nødvendigvis har kristen bakgrunn.

– Får dere noe ut av å lede MiniMix?

– Vi synes det er givende å bidra, og vi får en naturlig arena til å bli bedre kjent med andre småbarnsforeldre og bygge nære relasjoner. Vi ser også at jenta vår, som nå er 5 år, kjenner på ekstra tilhørighet i menigheten og føler at hun er en del av felleskapet.

Eit ansvar og ei glede

Christian Frøystad er 35 år og arbeidar til vanleg som IT-ingeniør. På fritida er han engasjert både i forsamlingsliv i Misjonssambanden Ålesund og reiser som frivillig forkynnar i Misjonssambandet nordvest.

TEKST: STEFFEN STENSLAND

Christian kom innom kontoret i Ålesund for ein prat om tankar og erfaringar han har frå tenesta som frivillig forkynnar.

– Kva reise har du hatt som frivillig forkynnar? Kor starta den?

– Det trur eg var medan eg gjekk på ungdomsskolen. Det var ein lærar som inviterte meg på besøk til Leikong for å ha ei opning. Eg var oppvaksen i Frikyrkja og hadde ikkje så mange erfaringar med kva ei opning var, men vart fortalt at det berre var å dele eit ord. Eg stilte opp, delte eit bibelvers og gjekk og sette meg. Så skjønna eg etter kvart at forventningane var nok at eg skulle seie noko meir, men det var eg ikkje forberedt på, men det vart tatt imot godt likevel. Om det var før eller etter dette eg bidrog med søndagsskule i Frikyrkja veit eg ikkje, men det og var ein av dei tidlege arenaene eg fekk dele frå Guds ord.

– Etter kvart for eg til Trondheim for å studere, og då vart eg utfordra nokre gonger på å ha meir tematisk undervisning. Det å få arbeide med eit tema og ei tekst var nyttig og spanande. Det var litt tryggare å ta utgangspunkt i eit gitt tema eller ei tekst, heller enn å berre kome på kva eg skulle tale over sjølv.

OGSÅ EIGET UTBYTTE

– Kva gjer at du brukar tid og krefter på nett-opp ei slik teneste?

– Eg kjenner på eit ansvar på for å dele budskapet vi har fått. Dette, saman med at eg har evne til å formidle, er med å drive meg til å seie ja til å tale. Det er givande å få vere rundt å dele gode ord med gode folk. Denne tenesta tvingar meg og til å fordjupe meg i Guds ord. Eg trur at det å la Bibelordet utfordre meg i mitt liv med både irettesetting og trøyst gir både substans og truverdighet i forkynninga. Dermed gir denne tenesta meg stort eige utbytte, når den hjelp meg til å bruke tid med Gud og hans ord.



FRIVILLIGE

I Misjonssambandet nordvest er eitt av våre satsingsområde frivillige:

Vi vil engasjere og utruste nye frivillige til å tjene med sine gaver. Vi vil at det i 2029 er 45 frivillige formidlere og nye frivillige i alle forsamlingene og i alle områdene.

Christian er ein av disse frivillige men vi ønskjer å bygge en kultur for at enda fleire får tjene med det Gud har gitt dem. Kjenner du nokon slike? Tips oss gjerne på nordvest@nlm.no.

– Så får vi nokre gonger eit glimt av at det vi har fått dele får betydning for menneske, då kan eg glede meg over det å gå i teneste for Gud, det er stort.

– Kva er det som driv deg når du deler?

– Ønsket om å få vere med å gje eit glimt av Gud til tilhøyrarane. Eg likar godt når vi har tematisk undervisning som kan sørge for at vi får ei breidde i forkynninga, her er det masse å få lære å ta med seg. Då er det bra om vi som tilhøyrarar får med oss noko variert kost. Gud kan fort verte liten, om vi berre tek føre oss ein liten del av han. Då kan det ofte koke ned å til kva han kan tilby oss, og ikkje kven han er.

MANGE KAN BIDRA

– Korleis går du fram når du har fått spørsmål om å tale?

– Eg les ofte søndagens tekst, og tek utgangspunkt i den. Då startar eg ofte med det tidleg slik at eg kan gruble litt over temaet i tida fram mot det å tale. Så prøvar eg å ha kontakt med fellesskapet for å avklare kva og kven eg kan forvente er der.

– Er dette ei teneste som du vil ha andre med i?

– Det er ikkje ledande spørsmål i det heile tatt! seier Christian og flirar. – Sjølv sagt vil eg det, her er mange som kan bidra og det trengs fleire.



Misjonssambandet

Region Nordvest

Mannshelg 2.-4 januar

Vestheim ungdomssenter

"Tett på Bibelen og tett på livet sammen med kristne brødre i alle aldre"

Mannshelg er en investering i eget liv som vil prege deg inn i samfunns-, menighets- og familieliv!

Eivind Sætre er med som taler. Påmelding på mannshelg.net.



Med Solhøgda i hjarta

«Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen» skriv den vise kong Salomo. Og for Kari og Arne-Johan Gagnat er eit tidsskifte på gong.

TEKST OSCAR NORDBØ

Etter 46 år (!) som krumtappar på Solhøgda leirstad i Ålvundfjord held ordet «pensjonist» på å bli ein realitet for ekteparet.

– Eg kom hit i 1979 og Kari kom året etter då vi gifta oss. Sidan har vi vore her. Vi opplevde at dette var staden Gud ville vi skulle ha vår teneste. Dette har vore meir enn ein jobb. Solhøgda vart kallet vårt. Elles hadde vi aldri blitt her så lenge, fortel Arne-Johan.

Å DRIVE LEIRSTAD

Som mange andre leirstadar vart Solhøgda leirstad bygd på 60-talet. Mykje har endra seg sidan den tid. Arbeidslyst, kreativitet og skaparglede kjem tydelegvis godt med for eit styrarpar.

– Vi har jamt og trutt gjort oppgraderingar på bygg og på den 19 mål store tomte. Det skal vere kjekt å vere på Solhøgda. På same tid har krava til brannvern, tilbereding av mat, hygiene, regnskapsføring og lignande blitt strengare. Gode tiltak, men også med på å auke investerings- og driftskostnader, fortset han.

– Leirskuledrifta er viktig for oss, seier ekteparet. Kvart år arrangerar Solhøgda leirskule i 9-10 veker. – Travelt, men fantastisk kjekt! Det varmar når vi opplever takksemd og glede over opphaldet. Når alle i bussen gret fordi dei må reise heim har vi gjort noko rett. Også i leirskuleveke har vi ein klar kristen profil, med både ord for dagen og bordvers ved måltida.

Noko anna som varmar er dei mange gode hjelparane. – Vi har ikkje tal på kor mange arbeidstimar som har blitt lagt ned av folk som er glade i Solhøgda. Nokre bur like ved, andre er langvegsfarande. Det hadde aldri gått utan dei. Og mange vener har vi fått, seier ekteparet.

FRAMTIDA FOR SOLHØGDA

– Vi ser på Solhøgda som ein misjonsstasjon. Å få legge til rette for at både unge og eldre får høyre om Jesus har vore det største og viktigaste for oss, seier Arne Johan, og fortset:

– Vi er takksame for at drifta har gått i



Kari og Arne-Johan Gagnat foran Solhøgda hvor de har jobbet i 46 år.

Foto: Johan Behrentz

pluss med eit lite overskudd dei fleste åra. Leirskulen, bygd opp gjennom mange år, er viktig også økonomisk. Her er store muligheter for å utvikle Solhøgda vidare. Men alt vi gjer har eit åndeleg sikte. Difor håpar og ber vi om at nokon kan sjå det som sitt kall å drive vidare.

VEGEN VIDARE

– Noko av det første vi gjekk i gong med då vi kom til Solhøgda var å få bygd tenestebustad, like nedanfor leirstaden. Der har vi budd alle desse åra. Der har dei fire borna våre vakse opp, – og med Solhøgda. Mange opplevingar – mange minner, fortel Arne Johan.

– Alle må fylle oppgåvene på sin måte, men for oss er det ikkje til å kome forbi at det har blitt ein livsstil å vere på Solhøgda. Ikkje alt i livet har vore lett, men vi har kjent på Guds velsigning heile vegen. Og vi har eit ynskje om at det Solhøgda står for skal få fortsette.

– Det blir ei stor forandring for oss å slut-



Ikkje alt i livet har vore lett, men vi har kjent på Guds velsigning heile vegen.

ARNE JOHAN GAGNAT

te, – ja faktisk er det ein sorgprosess vi går gjennom. Vi har vel fortrent det litt, skuva det framfor oss, seier Arne-Johan.

– Vi har arva eit hus og er ikkje bekymra for kva vi skal ete eller kle oss med, seier Kari. – Likevel er det mange val som må gjerast og helsa er heller ikkje heilt som før. Tanken på pakking, rydding og flytting er litt overveldande no. Men vi har opplevd Guds velsigning og Guds leiing inntil i dag og vi har tillit til at han vil ta seg av oss vidare, seiar ho til ein avslutning.

Kommende arrangementer

JANUAR

2.–4.	Mannsweekend	Vestheim Ungdomssenter
10.	KonFu	
10.–11.	Inspirasjonssamling (ytre og indre Nordmøre)	Solhøgda leirsted
14.–18.	Vestborg-turné	
23.–25.	Kairos	Vestheim ungdomssenter
24.–25.	Vinterleir 1.–4. klasse	Solhøgda leirsted
30.1–1.2	Camp Royal 1.–4.klasse	Vestheim ungdomssenter
31.	KonFu	

FEBRUAR

6.–8.	Skiweekend 8.klasse–1. vgs.	Vestborg VGS
7.–8.	Familiehelg	Solhøgda leirsted
27.2–1.3	Bibelhelg	Solhøgda leirsted

MARS

6.–8.	KRASP felleshelg	Vestborg VGS
7.	KonFu	
7.	Damedag	Ørsta bedehus
13.–15.	Kairos	Vestheim ungdomssenter
20.–22.	Påskeleir 5.–7.klasse	Vestheim ungdomssenter
20.–22.	Påskeleir 5.–8.klasse	Solhøgda leirsted
30.	Ungdomssamling	Solhøgda leirsted

APRIL

1.–4.	Åpen påske	Solhøgda leirsted
-------	------------	-------------------



Foto: unsplash.com

Fast giverkampanje

I arbeidet med budsjettet for 2026 er det tydelig at det er behov for økte inntekter om vi skal opprettholde aktivitetsnivået vårt og fortsatt bidra til misjon internasjonalt. Misjonssambandet nordvest vil derfor i februar ha en stor fast-giverkampanje for å rekruttere nye givere og utfordre på å øke givertjenesten til arbeidet vårt.

Om vi skal fortsette med arbeidet blant barn og unge, sende ut forkynnere og bidra til at mennesker får møte Jesus her i Norge og ute, er vi helt avhengige av økte gaveinntekter.

Comfort
VALDERHAUG
RØRHANDEL AS
6050 VALDERØY


MAUSEIDVÅG BIL OG BÅT

SULA ENTREPRENØR AS
Mauseidvåg småbåthavn
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter
Tlf.: 913 05 341

ELIAS BREIVIK as
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4
6020 ÅLESUND
FAX: 70 14 24 99
MOBIL: 400 06 384

Slyngstad
Elektro AIS
AUTORISERT EL. INSTALLATØR
6265 VATNE



• **Elnesvågen**, Torget 6 • Tlf 40443469
Tor–fre: 11–16 / Lør: 11–15
• **Kristiansund**, Rørgata 8 • Tlf 40443479
Tor–fre: 12–17 / Lør: 11–15
• **Ålesund**, Brisdalsveien 216 • Tlf 40443460
Ons–tor: 11–16 / Lør: 11–15

• **Volda**, Elvegata 7 • Tlf 40443454
Ons: 12–16 / Tor: 12–17 / Lør: 12–16



NLM GJENBRUK